

BESTEFORELDRENE KLIAMAKSJON EN JUBILANT I STERK VEKST

Besteforeldrenes klimaaksjon (BKA) feirer i år 20 år, etter starten i 2006. Vi er en tverrpolitisk organisasjon som setter framtida for barn og unge først gjennom arbeid for et godt og levelig



miljø, reduksjon av klimagasser og ivaretagelse av naturresser. Vi vil vise barn og ungdom at vi eldre, vi bryr oss om hva slags klode vi etterlater oss til dem!

Artikkelen fortsetter på side 3

FotoRandiPedersen



Leiaren ved Sindre Røsvik

Det er gledeleg at vi no har fått ein ny redaksjon på plass. I komande nummer ser eg fram til at dette kan sette sitt preg på bladet med nye idear. Målet med fire nummer i året er innanfor rekkevidde. I dette nummeret er det litt av det vanlege og litt nytt, representert av ein ny penn, Nils Erik Langva. Han tilfører journalistisk erfaring og presenterer seg med artiklar i dette nummeret. Med det same vil oppfordre medlemmar om å ta kontakt med innspel, nye idear er velkomne. Vi vil ha eit blad som er interessant og aktuelt, for medlemmane, og då må gjerne medlemmane kome til ordet også. Med auka vitalt skal de sjå det blir eit sprekt «ungdomsblad» for senioruniversitetet. Kanskje også med ny redaktør?

Med eitt foredrag igjen trur eg trygt vi kan seie at temaforedraga ved NTNU har vore svært vellukka med godt oppmøte. Føredraget «Hybrid krigføring» ved Eskil Sivertsen (Forsvarets forskingsinstitutt) er sørgeleg aktuelt. Bli informert! Vi vil annonsere programmet for hausten ganske snart. Det blir mykje interessant.

Naftadjupe er i ferd med å bli for lite, så kanskje må vi booke Fogdegården permanent. Det er faktisk kjekt når vi har for lite sveler og må til å dele dei! For meg er nok også ei halv svele nok.

Vi er heldige som har så godt samarbeid med NTNU Ålesund, både med tilgang på lokale med fri parkering og så stiller dei med interessante presentasjonar av forskinga ved universitetet. Her går det aldri tomt, dei har mykje meir å presentere. Invitasjon til filosofi samtaler har plass til fleire.

Så fekk vi ei ny studiegruppe i historie, som er godt i gang. Her er det plass til fleire. Og vi har plass til fleire grupper om du saknar ditt interessefelt. Det skal vere lett å starte opp, ta berre kontakt.



Turane som er organisert av Natur og kultur gruppa har no presentert Valderøya. Sjå eigen artikkel. Dette konseptet er godt motteke, også folk frå lokalmiljøet får lære noko nytt og får kome inn til bedrifter og kunstnarar som ikkje tek mot besøk til vanleg. Til hausten står Vigra for tur med to turar, og det blir minst like interessant på øya som har eige søndagsskule kapell. På Gange-Rolf si eiga øy.

Tilskotet med bedriftsbesøk har også fenga interesse, og her gjeld det same. Vi får besøke bedrifter som er hjørnesteinar og viktige ikkje berre for lokalsamfunnet men også regionalt og nasjonalt. Her er det berre å melde seg på, så langt det er plass. Kom gjerne med innspel til nye lokalsamfunn og bedrifter, der du kan få med deg fleire og vere vert.

Til slutt, om du går inn på heime sida vår <https://www.aasu.no> vil du få oversikt over alle arrangementa og gruppene våre. I tillegg har vi Facebooksida til ÅSU der arrangementa blir annonsert. Nytt av året er at vi prøver å annonsere føredraga vår i Sunnmørsposten. Og så vil vi aktivt prøve å artiklar inn i lokalavisene, for tilboda våre er aktuelle for fleire.

Sindre Røsvik
Leiar

Månedens bilde

Foto: Ragnhild Herje Johannessen





av Eigil Bele, styremedlem og Thor W. Bjørlo,
leder i BKA Sunnmøre



regelmessig medlemsinformasjon, informasjonsmøter, kulturarrangement («litterære klimablikk»), høringsuttalelser, avisinnlegg, holder stand i Moa-alleen første lørdag hver måned, har små grupper som holder kontakt med skoler for å understøtte arbeid rundt klima og natur, strandrydding, dager for klesbytte- og leikebytte, leikedoktor med mer.

Kjernesaker siste tiden og framover i år er engasjement for å få lagt innfartsveien utenom drikkevannet i Brusdalen, kritisk gjennomgang og oppfølging av «Bypakken» og marine forhold i hav og fjorder. I tråd med det siste har vi mandag 23.03. kl. 18 åpent foredrag på Ålesund bibliotek om «Livet i fjordane våre – korleis står det til!», med marinbiolog Erle Smedbold, forsker ved Runde Miljøsenster.

Medlemmer er sjølsagt velkommen til å engasjere seg aktivt i ulike aktiviteter. Men det er også helt fint om en støtter arbeidet bare ved å være medlem. Det er enkelt å bli medlem gjennom enten

å vippe, sende sms eller fylle ut registreringsskjema. Se mer om det her: www.besteforeldreaksjonen.no/hvordan-bli-medlem/. Har du lyst, har du lov. Velkommen skal du være!

To av titlene på temaforedragene til ÅSU våre 2025 var «Verden koker! Er vi trygge?» og «Vår dystre nåtid». Dette er tema som berører både sikkerhetspolitikk og de grunnleggende utfordringene med å reversere fatale klimaforstyrrelser og naturtap. Kanskje det kan danne et naturlig utgangspunkt for at BKA og ÅSU fra tid til annen kan finne tid til felles arrangement og prosjekt?

Hva om vi gikk sammen om å engasjere biologiprofessor Dag O. Hessen, halvt ålesunder og grunneier på Sula, til foredrag om f.eks. ulike vippepunkter i naturen og hvordan vi kan møte dem? Gjerne i det samme auditoriet ÅSU hadde fullsatt åpent møte med H. W. Steinfeld. Hessen er en svært anerkjent forsker og formidler som nok mange vil være interessert i å høre på, og i den siste boka «Fugleperspektivet», er det også mange skildringer fra Hessa og Runde.

Alle ÅSU-ere er også velkomne som medlemmer i BKA. Medlemmer av ÅSU er aldersmessig i kjernegruppen for BKA, og du kan neppe holde deg med et mer meningsfullt dobbeltmedlemskap enn ÅSU/BKA! BKA er åpen for alle engasjerte personer fra hele besteforeldregenerasjonen, og for støttemedlemmer over 16 år.

Inn mot jubileumsåret har vi hatt en sterk vekst av medlemmer. Nasjonalt har vi passert 10 000 medlemmer. Lokalt har BKA Sunnmøre vokst fra 92 medlemmer per 01.01.2025 til 153 medlemmer nå, med mål om å passere 200 i løpet av året. Styret i lokalavdelingen organiserer arbeid på ulike plan;



Om hørsel, del 4



Tekst: Arne Vik

Figur: Talaudiogram

Om hørsel - Vippepunkt

Dette er den fjerde artikkelen i ein serie som tar for seg temaområdet hørsel på ulike måtar. Kva veit vi om hørsel og hørselstap, og korleis kan tekniske tiltak som høreapparat vere til hjelp?

Arne Vik er pensjonert siv.ing. og teknisk audiolog med akustikk og hørsel som tidlegare yrkesfelt. Tidlegare studieprogramleiar for audiografutdanninga ved NTNU i Trondheim

VIPPEPUNKT har kanskje blitt mest kjent som fenomen etter at Dag O. Hessen, med far frå Ålesund!, ga ut bestseljaren VERDEN PÅ VIPPEPUNKTET i 2020.

På temamøtet i ÅSU 30. april nemnde Yngve Seljeset også ei form for vippepunkt når det gjeld demens: Mange med høg utdanning kompensere kognitivt for sviktande hjerne helse, men når forfallet kjem, går det raskare. Det synes såleis å vere eit slags vippepunkt. Vi blei også mint på kor viktig hørselen er for førebygging av demens. Seljeseth viste i ein oppdatert versjon frå The Lancet, at tilrådingane er ytterlegare forsterka når det gjeld hørselens betydning for førebygging av demens. Dette var eg inne på i den første artikkelen min, i Medlemsbladet nr 79.

Vippepunkt er oftast eit uttrykk for noko der det gjeld å halde seg på den rette sida.


Eg kom til å tenkje på at vippepunkt har vi også når det gjeld hørsel, på fleire måtar. Du har sikkert opplevd at det berre skal ei ørlita heving av lyden til, frå alt er nærast uforståeleg til at du forstår nesten alt (t.d. ved at du som barn la øret tettare inn til nøkkelholet!). Eitt vippepunktet kan ein også sjå når audiografen testar taleforståing ved taleaudiometri og teiknar det ned i eit taleaudiogram. Dette er ei av prøvene audiografen skal ta om hen gjer utgreiingsjobben sin grundig nok, etter Norsk standard. Det er ein hørselsprøve der ein skal gjenta ord som blir presenterte frå knapt høyrbart til maksimalt forståeleg. Testtalen kan vere enkle tallord, setningar, eller enkeltord. Taleaudiogrammet viser kor stor del av talematerialet ein oppfattar ved ein viss lydstyrke. Spesielt intereserte kan sjå frå figuren at "Vippepunktet" er brattare di enklare talematerialet er.

Eit anna vippepunkt er når hørselen er blitt så dårleg at ein sjølv erkjenner at ein skulle trenge høreapparat. Eg skreiv om det i forrige artikkel; då er det allereie i seinaste laget, viss du ønskjer å halde deg på den rette sida av vippepunktet! Når eg no les igjennom det eg skreiv sist, ser eg at det kanskje kunne trengast fleire opplysningar og praktiske råd for deg som kanskje er "i målgruppa" som det heiter. Først av alt: Det er fastlegen som sender tilvising, og ventetida for å få time til utgreiing her på våre kantar, kan vere frå fleire månadar og opp til eit år, derfor gjeld det å vere tidleg ute. Dersom utgreiinga

fører til at du skal prøve høreapparat, vil du få desse på prøve. Vi har ikkje tal, men veit at dei aller fleste som får høreapparat på prøve vert overtydde om å behalde apparata, kanskje etter at dei har prøvd fleire merke. Den samla prøvetida for høreapparat betalt av NAV er maksimalt 6 mnd.

Det er ofte ulik oppleving av lyden i dei ulike høreapparatmerka, utan at ein kan seie at kvaliteten skil seg nemneverdig (meir om dette i neste artikkel). 96% av alle høreapparat som vart tilpassa i fjerde kvartal i fjor var oppladbare, så du kan gløyme alt du har høyr om batteriplunder. Dagens tilkoplings- og innstillingsmulegheiter gjer at du kan begynne med forsiktig forsterkning for å venne deg til lydbildet som høreapparatet gir. Høreapparat har også blåtanntilkopling frå mobiltelefon slik at du kan høyre telefontale eller anna (musikk, radio, podcast etc.) i høreapparatet. Mange høreapparatypar nyttar også høreapparatets mikrofon som telefonmikrofon slik at du kan snakke utan å ha telefonen nær munnen. Høreapparat har avanserte program som du kan velje mellom, for ulike lyd miljø. Høreapparat kan også tilpasse seg sjølv til lyd miljøet, og vi ser no at også KI vert introdusert, for "best muleg" resultat. Når det er sagt er det verdt å streke under at utgangspunktet for høreapparatbruken er ei hørselsevne som er borte (artikkel i Medlemsbladet nr. 80) og at høreapparatet berre i nokon grad kan kompensere for dette, trass i alle lovnadane frå industrien. I våre dagar ser vi at stadig fleire går med propper i ørene. Den ålmenne elektronikkindustrien har lært mykje frå høreapparatindustrien, og på mange måtar kan vi seie et dei to industriane nærmar seg kvarandre. Det har lenge i andre land vore kontroversielt med enkle, såkalla over-disk høreapparat, men etter kvart har eigentilpassa (self-fitting) høreapparat i validerte testar vist seg å vere på høgde med vanlege klinisk tilpassa høreapparat. Dette er først og fremst aktuelt i land der ein sjølv må betale for høreapparatet og ikkje får det gjennom folketrygdlova, som vi gjer i Norge. Her vert høreapparata innkjøpt av NAV etter tilbudsrunde, til heilt andre prisar enn dei som gjeld på den kommersielle marknaden.

I neste artikkel i denne serien vil eg gå litt nærare inn på høreapparattilpassing, høreapparatteknologi og objektive kvalitetsvurderingar og også konkret ta for meg den norske offentlege høreapparatmarknaden.



- 1) Einstavings talord (1, 2, 3, 5, 7, 9, 10, 12) – Lett å oppfatte - estimert
- 2) 5-ordssetningar – faktisk målt (artikkelforfattaren)
- 3) Isolerte einstavingsord – Vanskelegast å oppfatte - estimert

Samfunnsgruppa i Senioruniversitetet: Talerør og sosial aktør



Tekst og foto:
Nils Erik Langva



Blir det elevert kaffeslabberas, ispedd godtkjøpsløsninger for de verdensproblemer tilfeldighetene måtte legge på bordet? I ettertid må det innrømmes at et første møte med Ålesund Senioruniversitet, og diskusjonsforumet, Samfunnsgruppa, kanskje ikke var kjemisk fritt for fordommer på den besøkendes side.

Åpning av vårsesongen, med møte første dag etter påskeferien, røper en viss offensiv optimisme fra seniorennes side. Dagens agenda er tatt litt "på hælen" ettersom det er sesongåpning, og mange kan ha mye uanmeldt på hjertet.

INGEN FORMANINGER

Nestor i så mange sammenhenger; politiker i Ålesund kommune, flerårig rektor ved Høgskolen i Ålesund, leder for senioruniversitets samfunnsgruppe, Karl Johan Skårebrevik, leder diskusjonene med imøtekommende pondus, som langt liv og mangslungen erfaring kan forlene en mann med. Ingen korrigerende formaninger i det bryskere stemmeleie.

Man glemmer simpelthen sin refererende rolle, og gir til beste meninger om eksempelvis sjøkongenes tingsamling ved skipsmasten i Vikingtiden, og andre "godbiter" utenfor kontekst. Ikke en gang helt gjennomtenkte. Så blir man vel diskret gjort oppmerksom på hvor utgangsdøren er.

– Langt i fra, beroliger gruppeleder, Skårebrevik. – Vi er ikke besserwissere på noen måte, eller i noe tema. Den slags holdninger er simpelthen ikke i samsvar med vår holdning om å stimulere til åpen og fri diskusjon.

Skårebrevik har vært med i Ålesund Senioruniversitet fra 2008, snart 20 år, de første åra som leder av Senioruniversitetet. Han er forøvrig kjende fra mangesidig virke som Venstre-mann i ålesundpolitikken.

GJENSIDIG, LIVSLANG LÆRING

Dagens til dels sterkt forvirrende mediebilde tilbyr diskusjoner, debatter og meningsutvekslinga i alle kanaler, i sosiale så vel som usosiale medier, med tilspissede og populistiske problemstillinger, alt i storindustrielle kvanta, dersom et slikt uttrykk kan brukes.

Hvilken plass har et organisert debattforum for samfunnsengasjerte mennesker i dag? Det offentlige ordskifte synes kanskje stadig oftere å orientere seg vekk faktabasert argumentasjon, og mer søker sin berettigelse i sterke overdrivelser og anekdotebaserte tilnærminger?

Til dette svarer Skårebrevik:

– Vår eksistensberettigelse er vel klarere enn noen gang. Også seniorer og pensjonister, i alle aldre, har behov for aktuelle og reelle debatter på saklig grunnlag. Behovet er ikke minkende, og blir det neppe. Virksomheten, både i denne gruppa og i senioruniversitetene generelt, har en visjon om gjensidig, livslang læring. Debattene vi skaper er relevante svar på denne visjonen.

Artikkelen fortsetter på side 9

Bildetekst:

Noen av medlemmene i Samfunnsgruppa i AASU. Fra venstre, gruppeleder Karl Johan Skårebrevik, Inger Otterlei, Halldis Oksefjell, Arne Vik, Per Gunnar Vasset, Knut Sjøstad, Årstein Skiftun og Svein Arne Bjørkavåg.



Natur og kultur organisert av Sølvi Furnes og Gunnhild Sætre med Kåre Sæter og Odd Egil Valderhaug som lokale kjentfolk.

Turgruppa har i vår gjennomført to godt besøkte turer til Valderøya. Turene hadde svært ulikt innhold, men ga for de fleste masse ny kunnskap.

Turen med tema fisk hadde med besøk både hos de store leverandørene av utstyr, oppdrettsnæringen, fisketilvirking og til slutt trålnæringen.

Optimar har sitt hovedkontor på Valderøya. De var vertskap for første stopp. Dette er en bedrift som har flere avdelinger på Sunnmøre, men også produksjon i Spania og Romania og salgssavdeling i USA.

Vårt marked er verden, kunne salgssjef Jannicke Valderhaug fortelle oss. – Vi produserer skreddersøm av fabrikker i rustfritt stål til fiskefartøy verden over. I tillegg har vi også store leveranser til næringsmiddelindustrien verden over. Optimar omsatte i 2024 for nesten 400 millioner kroner og har litt under 200 ansatte.

I dag er det islandske Kaldbakkur som er eiere av Optimar.

På samme stopp orienterte informasjonssgen i Hoseth-guppen, Jannike Farstad, om aktiviteten bedriften har på Valderøya. Spesialiteten her er røykt laks og ørret, men det blir også produsert store mengder lakseprodukter som er frossent og spesial tilrettelagt for å kunne gå rett til forbruker. Styrken vår på Valderøya er at vi har en veldig godt kvalifisert og effektive arbeidere. Her har vi ansatte i alle aldre og vi mener dette er en veldig god arbeidsplass, sa Farstad.

Giske kommune stilte også og orienterte om det pågående arbeidet med å utvikle en helt moderne fiskerihavn i Gjøundet mellom Valderøy og Vigra.

Inn mot denne havna har ScanMare sitt hovedanlegg. Her er det produksjon av klippfisk. Et moderne klippfiskanlegg

på 6000 kvm og en produksjonskapasitet på 5000 tonn klippfisk. Her ga driftsleder Arild Giske en solid orientering om sorger og gleder i bransjen.

Nordic Wildfish der daglig leder Anders Bjønnerem ga en engasjert innføring i fiskencæringens betydning for lokalsamfunnet. I kontorfellesskapet på Valderøya omsettes det fisk for 3,5 milliarder kroner årlig, kunne han fortelle. Ingen ting var mer naturlig enn at dagen ble avsluttet med servering av hvit baccalau.

Kunst og glassmalerier


Del to av turene til Valderøya hadde et mykere preg. Her var det kunst og kulturformidling som var i fokus.

Trine Røssevoll, maler og kunstskolerektor, tok oss med til den gamle skolen fra 1909 der man nå har etablert et kunstnerfellesskap med seks aktive kunstnere.

Så fikk vi gleden av å være med på Olaf Leon Roalds utrolige reise inn i glasskunstens verden. Roald, som er velkjent for sine skulpturer, fikk oppdraget med å lage glassmalerier til Johannes-kapellet på Valderøya. En ting er det fantastiske resultatet som har materialisert seg, men du verden for en opplevelse det var å få være med på reisen Roald tok forsamlingen med på.

Tankene bak, prosessen, sidesprangene og formidleren. Halvannen time i Valderøy kirke har aldri vært mer innholdsrik og spennende enn den turen Olaf Leon Roald tok oss med på.

Dagen ble avsluttet på kulturhuset Joansbuda, en oppgradert sjøbu ved hurtigbåtkaia på Valderøya. Her ble det omvisning i lokalmuseet og selvfølgelig mat.



TURTIPS: SULEBAKKANE



Tekst og foto:
John Roald Pettersen



På vårparten er veien opp til Sulebakkane rikt dekorert med både påskeliljer og kysymre.

Sørsida av Sula har flere fine turmuligheter. Særlig på vår og sommer er denne «solsida» attraktiv, blant annet med et variert plante- og fugleliv. Og fin utsikt!

Et godt utgangspunkt for tur her er kjerreveien opp mot de to gårdene på Sulebakkane. Ca to km fra fergekaia på Sulesund ser man skilt til turveg på høyre side. Det er få parkeringsplasser, og noen av dem private, så på store utferdsdager kan det være nødvendig å parkere på Sulesund eller på Nøringset i enden av vegen.

Like før man kommer til den første gården (der Nils Storås bodde, kjent fra «Der ingen skulle tru..»), er det skiltet med «(turveg)» tikl venstre, slik at man ikke går inn på tunet. Følge kjerrevegen opp til neste gård, der det er fin sitteplass med bord og benk oppe ved løa. Noen vil sikkert synes at dette er langt nok, og vil likevel få en fin tur med strålende utsikt mot Sunnmørsalpane.

Videre kan man følge tydelig sti opp gjennom skogen, og rett over skoggrensa (ca 440 moh) ligger det en rød, eldre hytte. Her er utsikten enda videre, blant annet mot Hareid og Brandal, og dette kan også være et fint slutt punkt på turen.

De som har mer krutt i beina, kan fortsette opp til Sulebakkhornet (661 moh). Strålende og vid utsikt, og muligheter til å fortsette opp til Vardane (776 moh).

En annen fin tur i området er å starte ved veis ende på Nøringset, og følge stien utover mot Eltranaset.



Strålende utsikt mot Sunnmørsalpane.



Fra toppen ser man blant annet mot Brandal, Skolma og Signalhornet.

BEDRIFTSBESØK TIL TO NØKKELBEDRIFTER I FISKERINÆRINGA: STRAND REDERI OG BRØDRENE SPERRE



Tekst og foto:
Turleder Per Gunnar Vasset

ÅSU har forsøkt å sette søkelyset på det pulserande næringslivet i vår region gjennom turar til viktige bedrifter. Etter å ha besøkt Norwegian Hydrogen og slakteri-bedrifta Ole Ringstad AS i april i fjor og Myklebust Verft i Sande kommune og Rem Offshore i Herøy i oktober, forsøkte vi denne gongen å kaste lys over fiskerinæringa i vår region.



Sveinung Flem,

Torsdag 23. april besøkte vi to nøkkelbedrifter i næringa med hovudsete i Ålesund, Strand Rederi og Brødrene Sperre.

Vår region har ei komplett fiske-riklyngje med leiande fiskebåt-reiarlag, fiskeindustri, utstyrsleveran-

dørar, verft, designmiljø og logistikktenester. Kunnskap og kapital flyt mellom fiskerinæringa og andre næringar i regionen og skaper innovasjon og utvikling som har gitt oss ei verdslende næring med senter i Ålesund.

Vi var så heldige at vi fekk Sveinung Flem, tidlegare adm. dir. i Sunnmøre og Romsdal Fiskesalagslag (SUROFI) og regionbanksjef i DNB til å guide oss på turen. Gjennom talfesting av omsetning og sysselsetting, orientering om næringa og bedriftene i vår region, viste han fram Ålesund sin posisjon som Noreg sin viktigaste fiskerikommune. Fiskerinæringa har svært store ringverknader for verdiskaping og sysselsetting i vårt distrikt. Den sterke reduksjonen i fiskekvotane har difor betydeleg ringverknader for næringslivet i vår region.



Janne-Grethe Strand

Strand-reiarlaget:

Framme ved kaia til Strand Rederi i Kjøpmannsgata vart vi møtt av Janne-Grethe Strand Aasnæs og Solveig Strand, dagleg leiar i hhv Strand Rederi og Fiskeskjer. Janne-Grethe og Solveig er 3. generasjon i Strand-reiarlaget som vart etablert av brørne Ole og Olav Strand saman med faren i 1958. Strand Rederi er i dag eit av våre største familieeigde fiskebåt-reiarlag med to frysetrål-alarar og to ringnotfartøy, og med eit fartøy under bygging på Vard. Vel om bord i ringnotbåten Strand Senior vart vi orientert om reiarlaget sin historie, utvikling og



Ringnotbåten Strand Senior

Solveig Strand

utfordringar av to engasjerte leiarar.

Selskapet har investert tungt i moderne båtar og kvotar. Dei to ringnotbåtane fiskar sesongmessig: Lodde i Barentshavet i januar / februar, Nordsjø-sild i mai / juni, makrell i august / oktober og NVG-sild i oktober / november. Normalt har båtanane ca. 170 driftsdøgn. Dei lave kvotane i år gjer at dei reknar med kun 100 driftsdøgn i 2026.

Trålarane fiskar meir jamt, torsk i Barentshavet og sei i Nordsjøen. Normal turnus er seks veker på sjøen og seks veker fri.

Dei høge prisane kompensere for ein stor del for reduserte kvotar. Strand-reiarlaget hadde i 2025 ei samla omsetning på 747 mill. kr og 220 tilsette. Det er stor rift om å få arbeid om bord på reiarlaget sine fartøy. Styrmannen på Strand Senior viste korleis dei fangstar med hhv. trål og ringnot. Han forklarte korleis dei for

skjellige fiskeleiteinstrumenta fungerer, og korleis ein pumpar fisken om bord i RSV-tankar med nedkjølt sjøvattn for å sikre best mogleg kvalitet.

Vi tok farvel med Strand-reiarlaget og køyrde til Quality Hotell Waterfront der vi vart servert ein velsmakande lunch med steikt svinenakke som hovudrett og brownie med vaniljeis til dessert.



Frysetrålaren Havbryn

Brødrene Sperre:

Etter lunch kørde vi vidare til Brødrene Sperre sitt anlegg på Ellingsøya der vi vart møtt av adm. dir. Inger-Marie Sperre. Ho er sjef for ein



Inger-Marie Sperre

av våre leiande sjømatbedrifter med omlag 3,2 milliard kr i omsetning og ca. 165 årsverk (2024).

Bedrifta vart etablert på 1930-talet av farfar til Inger Marie og bror hans og har vakse frå ei lita fiskebu på Ellingsøya til eit av våre største sjømatelskap med verksemd på

Tranvåg i Sula, Hoff på Ellingsøya, Vikomar på Bud, West i Skarbøvika og Hopen Fisk i Lofoten i tillegg til hovudanlegget på Ellingsøya.

Brødrene Sperre er store på både pelagisk (sild og makrell), frossen kvitfisk som torsk og sei og produksjon saltfisk og klippfisk. Det aller meste av sjømatprodukt vert eksportert til 50 land. Dei viktigaste eksportmarknadene er Japan og Korea for makrell, Brasil og Portugal for klippfisk.

Den sterke reduksjonen i fiskekvotane gjer det krevjande å skaffe råstoff til alle anlegga for å sikre jamn produksjon. Knappeheit på råstoff fører og til høge prisar som det kan vere krevjande å få igjen i marknaden. Det aukar og kapitalbindinga i varelageret, som ved årsskiftet utgjorde heile 1 mrd. kroner.

Nesten heile produksjonen vert eksportert. Selskapet er difor sterkt eksponert mot den internasjonale situasjonen som no er både turbulent og usikker. Med ein omsetning på over 3 mrd. vil t.d. styrkinga av kronekursen med 7 % (første kvartal i år) potensielt kunne medføre ein reduksjon i resultat på over 200 mill kr. dersom ein ikkje klarer å føre dette over på kundane i form av auka prisar.

Etter ein engasjert presentasjon av selskapet og ein spørs-



Brødrene Sperre A/S sitt anlegg på Ellingsøya



Deler av fryselageret til Brødrene Sperre A/S

målsrunde tok vi farvel med Inger Marie og Brødrene Sperre.

Takk til Sveinung, Janne-Grethe, Solveig og Inger Marie for engasjerte og svært lærerike presentasjonar. Takk og til alle som deltok på turen.

Samfunnsgruppa i ÅSU: Talerør og sosial aktør :Artikkelen fortsetter fra side 3

VI ER OSS SELV NOK

– Mange av oss har alltid vært samfunnsengasjerte mennesker. For noen har dette vært en nødvendig del av jobben.

– Så en dag er pensjonisttilværelsen der. På en måte helt plutselig, i alle fall følelsesmessig, selv om forberedelsene til denne delen av livet har vært aldri så grundige. Og mange opplever, i den såkalt tredje alder, å bli alene, påpeker Skårbrevik:

– Alle undersøkelser og all forskning viser at den nye livssituasjonen kan oppleves som brutal. En god hjelp er et våkent og engasjert sinn. Et miljø, med stimulerende diskusjoner og drøftinger rundt alle slags problemløsninger, kan derfor bidra til å vedlikeholde vår kognitive kapasitet, og dermed til bedring av livslyst og livsmot.

– Hva med en rolle der dere vektlegger innspill, på vegne av alle seniorer, eksempelvis overfor lokale og sentrale myndigheter ?

– Vi bidrar der vi kan og når det er ønsket. Men erfaringene viser at det skal mye til for at våre innspill får reell betydning. Vi bør derfor utvikle og prioritere det å være et møtested til beste for våre medlemmer. På en positiv måte er jeg tilhenger av at gruppene våre skal være seg selv nok.

– En premissleverandør med sosialt ansvar, rett og slett?

– Absolutt, Gruppene i senioruniversitetene bør være autonome og være til for oss selv, men bidra om myndigheter retter oss en forespørsel. Slik sett er vi både talerør og en sosial aktør, antagelig mest det siste.

vart stifta 19. februar 1991 og er ei frivillig, ideell og ikkje-kommersiell foreining for Ålesund og heile omlandet. ÅSU skal, i tråd med prinsippa for Universitetet for den 3. alder (U3A), vere eit forum for utveksling av kunnskap i studiegrupper, gjennom foredrag og for sosial kontakt.

(§1 i Vedtekter for ÅSU). Medlemstalet er om lag 450.

På nettsidene våre <https://www.aasu.no> (eller berre åsu.no) og på

Facebook <https://www.facebook.com/groups/1248638725934717> finn du meir informasjon om oss og aktivitetane våre:

- Medlemsmøter (temamøter og kafémøter)
- Studiegrupper – ulike tema, storleikar og arbeidsmåtar
- Medlemsbladet
- Kommunikasjon med medlemmene - (eksternt og internt)

Senioruniversitetets styre


Sindre Røsvik

Styreleder – ansvarleg redaktør, tlf.: 911 33 281, møtekomitéen
e-post: sinro@online.no




Rolf Fiskerstrand

Varamedlem, møtekomitéen
908 34 466
rolf.fiskerstrand@fiskerstrand.no




Halldis Oksefjell

Styremedlem, møtekomitéen
909 13 184
oksefjel@online.no




Åshild Støbakk

Nestleder, leder møtekomitéen
tlf.: 996 34 393
e-post: ashild.stobakk@gmail.com



Arne Ingemar Vik

Kasserer, studiekoordinator
922 03 614
ar-vik@online.no



Åse Mørkeset

Styremedlem, studieutvalget
995 88903
a-moerke@online.no




Gerd Veddegjærdet

Styremedlem,
tlf.: 920 97 466
e-post: gerd.kvg@gmail.com




Per Gunnar Vasset

Sekretær, møtekomitéen
tlf.: 951 79 970
e-post: pvasset@online.no



Nils Fredrik Drabløs

Varamedlem
tlf.: 900 18 92
e-post: nfd@mimer.no



Senioruniversitetets aktivitetsgrupper

BRIDGE:

Kontaktperson: Gunnar Søreide, telefon: 92041299
e-post: gunnar.soreide@gmail.com

BYEN VÅR

Presentasjon av turen vert lagt ut på heimesida til ÅSU

DATA

Kontaktperson: Arne Vik, telefon: 92203614
e-post: ar-vik@online.no

DIGITAL FOTO

Kontaktperson: Ragnhild Herje Johansen
Telefon: 41324227 e-post: ragnhildhj@hotmail.com

KINOGRUPPA

Kontaktperson: Hilde Bjørlo, e-post: hbjorlo@online.no

SAMFUNNSGRUPPA

Kontaktperson: Karl J. Skårbrevik, telefon: 92266295
epost: kar-skaa@online.no.

KUNSTGRUPPA

Kontaktperson: Eli Finnøy Gule, telefon: 96200050,
e-post: eli.finnoy.gule@gmail.com

LITTERATURGRUPPENE

Kontakt en av gruppelederne på <https://www.aasu.no/moteplan/>

Litteraturgruppe 1 - Åse Mørkeset, tlf. 99588903
Litteraturgruppe 2 - Else Britt Sæther, tlf. 47329034
Litteraturgruppe 3 - Liv Ingebrigtsen, tlf. 91557760
Engelsk litteratur - Åshild Longva, tlf. 91795759

Dersom det ikke er ledig plass i disse gruppene, kan du ta kontakt med styret v/Grete Ertresvåg (tlf. 41622956). Det er mulig å opprette nye litteraturgrupper, også på andre steder enn Ålesund sentrum og Spjelkavik.

NATUR OG KULTUR

Presentasjon av turen vert lagt ut på heimesida til ÅSU
Natur og kultur <https://www.aasu.no/naturogkultur/>

Om Medlemsbladet i dag

Styret si målsetting er å halde fram å gi ut Medlemsbladet. Bladet er først og fremst ei orientering til medlemmene, men også den beste samanhengande dokumentasjonen på ÅSU sin aktivitet i tida. På denne måten har utgjevingane også stor historisk verdi for ÅSU. Hyperlenker (den elektroniske utgåva) gjer bladet mindre statisk. Eit nytt moment er at vi vil bruke Medlemsbladet for å gjere ÅSU kjent, gjennom å legge det ut på relevante stadar t.d. bibliotek. Tidlegare vart bladet sendt ut i papirform til medlemmene, men dette er ei arbeidskrevjande og dyr ordning. Etter at vi tilbød bladet som elektronisk vedlegg til epost, har dei fleste valt det. Medlemmer som ønskjer bladet tilsendt i posten, kan få det. Rett på nett: <https://www.aasu.no/medlemsblad/>

ÅSU sine ulike møte- og undervisningslokale

Etter kommunalt vedtak får ÅSU bruke kommunens lokaler gratis. Vi får også låne gratis auditorium av NTNU for temaforedrag våre.

Frivilligsentralen Kirkegata 33, 6005 Ålesund



Romma og kjøkken til møter for større og mindre grupper. ÅSU Byen vår og gruppeaktivitet i tilknytning til integreringsaktivitet har tilhald her. Parkeringsforholda er ikkje så gode, men gruppeaktivitetar i ytre bydel nyttar gjerne dette lokalet.

Møterom Spjelkavik omsorgssenter Olav Sundes veg 2, 6018 Ålesund



ÅSU deler møterom med Spjelkavik og Omegn Pensjonistforening. Styret har møter her, og mindre grupperopp til 10 brukar rommet. Her er det fargelaser, multifunksjons maskin- som er til fri bruk for gruppene.

Undervisningsrom – Helsehuset Vestmoa 6, 6018 Ålesund



Vi får nytte eit klasserom (fram til kl. 1400) i det nyinnreidde Udoms-huset som er etablert i dei gamle blioteklokala på Moa. Rommet har plass til 15, maks 20 personar

Rematun Spjelkavik omsorgssenter Olav Sundes veg 2, 6018 Ålesund



ÅSU får bruke ÅSU datakafé, open for alle som treng hjelp med data eller mobil, held til her torsdag i odde-talsveker kl. 1000-1130. Kafeen blir lånt også for kafémøter om kvelden; møter som har større grad av sosial karakter enn auditoriemøta.

Gamle Moa kino, sal 1 Moavegen 11, 6018 Ålesund



Moa kultursenter, som er ei samling av frivillige organisasjonar i Ålesund, har fått overtatt gamle Moa kino frå kommunen til øving og framsyning. ÅSU er medlem i Moa kultursenter og kan bruke t.d. sal 1 til møter/film (høgkvalitets vising avbilde på kinolerrert)

NTNU Auditorium Naftadjupe Bygg Ankeret, 1.etg. , Larsgårdsvegen 2



Dette er den faste staden for temaforedrag, vanlegvis siste torsdagen i kvar månad kl. 1800. Etter foredrag vert det servert kaffi og sveler, og det er høve til mingling og prat i vringlearealet utanfor

ÅSU Møteplan høsten 2026		Oppdatert: 20.05.2026 06:12		Sted/Måned		August			September			Oktober			November			Desember											
Gruppe	Grupeledere/ kontaktpersoner	Kontakt fra studieutvalget	Dag	Kl.	Uke →	32	33	34	35	36	37	38	39	40	40	41	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	53	
Bridge	Gunnar Søreide 920 41 299	Åse	tirsdag	1000-1145	Moa helsehus	4	11	18	25	1	8	15	22	29		6	13	20	27		3	10	17	24		1	8	15	
Byen vår	Lars Johan Huse 913 36 746	Arne	tirsdag	1000-1200	Frivilligsentralen																								
Datakaté (åpen for alle)	Arne Vik 922 03 614	Arne	torsdag	1000-1200	Kafé Rematun	13		27			10		24			8		22				19			3		17		
Digital foto	Ragnhild Heirje Johannessen 413 24 227	Arne	torsdag	1030-1200	Moa helsehus	6		20			3				1		15		29				26			10			
Engelsk litteratur	Åshild Longva 917 95 759	Åse	onsdag	1200-1330	Møterom Spjelkavik seniorsenter																								
Historie	Sigrun Tonning Alme 951 73 169	Arne	tirsdag	1000-1130	Møterom Spjelkavik seniorsenter	4		18			1		15	29			13		27				24			8		22	
Kino, Moa	Hilde Bjørlo 977 09 337	Åse	tirsdag	1200-	Odeon Kino	4	11	18	25	1	8	15	22	29		6	13	20	27				10			1	8	15	22
Kunst	Eli Finnøy Gule 962 00 050	Arne	torsdag	1200-1345	Etter avtale																								
Litteratur 1	Åse Mørkeset 995 88 903	Åse	torsdag	1230-1400	Møterom Spjelkavik seniorsenter																								
Litteratur 2	Eise Britt Sæter 473 29 034	Åse	onsdag	1130-1300	Moa helsehus																								
Litteratur 3	Liv Ingebrigtsen 915 57 760	Åse	mandag	1200-1345	Frivilligsentralen																								
Samfunnsgruppa	Karl Johan Skårbrevik 922 66 295	Arne	tirsdag	1000-1130	Møterom Spjelkavik seniorsenter	11		25			8		22			6		20					17			1		15	
Spansk begynn			tirsdag	1200-1400	Moa helsehus			18	25	1	8	15	22	29		6	13	20	27				10			1	8	15	
Spansk videreg.	Åshild Nordhus 971 77 510	Åse	onsdag	1330-1500	Møterom Spjelkavik seniorsenter			26			2	9	16	23	30		7	14	21	28			11	18	25				
Studieutvalg	Arne Vik 922 03 614		tirsdag	1200-1330	Møterom Spjelkavik seniorsenter						8							13											
Medlemsmøter	Åshild Støbakk 996 34 393		torsdag	1800-2000	NTNU m.fl.			27					24						29							3			
Styremøter	Sindre Røsvik 911 33 281		onsdag	1000-1200	Møterom Spjelkavik seniorsenter			19				16						21										Årsmøte 2026 4. februar	
Grupeledermøte	Arne Vik 922 03 614		mandag	1000-1130	Møterom Moa helsehus													26											

Gruppene er i ulik grad åpne for nye medlemmer. For å indikere tilgjengelighet har vi indikert tre "nivå":

= Åpent for nye medlemmer

= Venteliste

= Tar ikke inn nye medlemmer

Studieutvalget: Arne Vik (studiekoordinator) ar-vik@online.no 92203614 - Åse Mørkeset a-moerke@online.no 99588903 - Per Gunnar Vasset pvasset@online.no 95179970